



Eidsvik blir rost av branngvernet for å ha eit godt system for å ivareta branngryggleiken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Øyvind Ousdal og Anne Guri Kildal frå branngvernet har halde tilsyn hos Eidsvik Skipsbyggeri. Dei konkluderer med at bedrifta viser ei positiv utvikling med tanke på å gjere eit godt førebyggjande arbeid.**

**I tilsynsrapporten blir Eidsvik rost for å ha eit godt system for å ivareta branngryggleiken.**

Det visast her til at det vart vist fram ein god og oversiktleg beredskapsplan med vedlagte prosedyrar - til dømes varmearbeidar - brannteikningar, branninstruks med meir. Fleire av desse var også laga på ulike språk. Dette var noko som var etterspurt under førre tilsyn og som verksemda no hadde utbetra.

Men Ousdal og Kildal peikar på at det er like viktig at desse prosedyrane blir etterlevd av dei tilsette og innleiepersonell. Sjølv om ein har gode rutinar og prosedyrar for å hindra uønska hendingar, er det naudsynt å øva på dei praktisk om noko uforutsett skulle henda. Det er derfor viktig å koma inn i rutine med minst ei brannøving i året og halde på dette.

Dei to frå branngvernet peikar også på at det ikkje er noko form for brannalarmanlegg ved Eidsvik. Ein eventuell brann eller tilløp til brann må fysisk oppdagast av tilfeldig personell. Den personen skal snarast gje beskjte til ansvarleg personell som skal varsle alle ved verksemda gjennom lydsignal på megafon. Denne forma for varsling vil kunne gje ei lengre rømningstid. Eidsvik blir difor tilrådd å tenkje gjennom nødvendigheita av å få installert eit permanent anlegg for deteksjon og varsling av brann.

Av Ola Matti Mathisen